

Møteinnkalling

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Teams
Dato: 29.06.2021
Tidspunkt: 14:00

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. xxxx. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 29/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 30/21	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 31/21	Søknad om dispensasjon for motorferdsel med helikopter i samband med filmopptak til dokumentarfilm		2021/9341

ST 29/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 30/21 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar



Arkivsaksnr: 2021/9341-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 25.06.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyret	31/21	29.06.2021

Søknad om dispensasjon for motorferdsel med helikopter i samband med filmopptak til dokumentarfilm - Speranza Film

Innstilling frå forvaltar

Speranza Film AS får løyve til motorferdsle med helikopter i Jostedalsbreen nasjonalpark med heimel i naturmangfaldlova § 48 første ledd. Løyvet vert gjeve i samband med filmopptak som skal nyttast i naturdokumentaren Fedrelandet. Jostedalsbreen nasjonalparkstyret vurderer det slik at filmen kan vere med å profilere området og nasjonalparken på ein måte som kan gje positive ringverknader for reiselivet i regionen, samstundes kan filmen skape større respekt for naturen, Jostedalsbreen og det verna området.

Filminga med helikopter skal skje på fire strekningar over breen, jfr. kartvedlegg i søknad. Ved Flatsteinbu skal filming utførast med drone og på bakken, utan bruk av helikopter.

Løyvet vert gjeve med følgjande vilkår:

- 1) Dispensasjon for motorisert ferdsel gjeld for 2 dagar innanfor perioden 15. august - 01. oktober i 2021. Dersom vêrtilhøva skapar problem med gjennomføring, kan det gjevast inntil 1 dag utvida løyve.
- 2) Det vert gjeve løyve til 2 landingar ved Flatsteinbu for frakt av utstyr og personell.
- 3) Det vert gjeve løyve til inntil 5 timar lågtflyging med helikopter for filming over Jostedalsbreen etter fire spesifiserte flyruter. Lågtflyginga skal gjennomførast i løpet av ein dag.
- 4) Det vert ikkje gjeve løyve til flyging laurdagar eller sundagar
- 5) Det skal kome fram i dokumentaren at deler av dei filma områda ligg i Jostedalsbreen nasjonalpark, minimum i rulleteksten.
- 6) Statens naturoppsyn skal kunne inspisere aktiviteten etter behov. SNO Jostedalsbreen v/ Anne Rudsengen skal varslast om opptaksdato seinast dagen før (tlf. 959 63 888 – e-post anne.rudsengen@miljodir.no)
- 7) Helikoptertransporten skal avgrensast til det som er strengt naudsynt.



- 8) Under helikoptertransporten skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området slik at ein så langt som mogeleg unngår å uroe desse
- 9) Filmopptak som blir vist i produksjonen skal ikkje vise motoriserte aktivitet, men formidle aktivitetar som skjer i pakt med naturen og innan rammene for verneforskrifta
- 10) Området skal ryddast grundig etter opptak, slik at ingenting blir liggjande igjen i naturen.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding om gjennomført helikoptertransport innan 15.10.2021

Dokument i saka

- Søknad frå Speranza Film AS v/Margreth Olin
- Naturmangfaldlova
- Forskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark

Saksopplysningar

Speranza Film AS v/Margreth Olin søker om løyve til å fly med helikopter i samband med opptak til dokumentarfilmen Fedrelandet. Utdrag av søknaden:

«Speranza Film AS søker med dette tillatelse til å fly med helikopter i forbindelse med opptak til dokumentarfilmen Fedrelandet. Fedrelandet er en storslått naturfilm som omhandler menneskets dype forbindelse til naturen. Filmen er et selvstendig kunstnerisk prosjekt som skal vises på kino og TV i inn- og utland. Ønsket er å vise frem noe av det mest majestetiske landskapet vi har i området, og skape større respekt for naturen og Jostedalsbreen og dei verna områda spesielt.

Vi følger Jørgen Mykløen (Oldedøl) på hans vandringer gjennom et år. Han har gjennom livet besteget mange av de høyeste tindene i området. I en alder av 84 år er det ikke lenger mulig for han å selv komme til et av de høyeste fjella, hvor vi kan være i nærkontakt med breen og få panoramabilder fra denne høgden. For filmen potensiale og publikums opplevelse av den storslåtte naturen tenker vi at dette perspektivet er helt avgjørende og derfor har en samfunnsmessig verdi.

Vi vil fly over breplataet når vi ikke sjenerer ferdsel (turister som går Josten på langs) og vi vil legge opptakene til høsten slik vi unngår konflikt med kalving og klekking i nærområdene vi passerer på vei til breplataet. Breen er en mytisk skikkelse i filmen, i vinter var vi inne i Blåisgrotter i Nigardsbreen. Vi ønsker at publikum skal oppleve hva som står på spill om breen smelter. Å oppleve breen fra lufta, størrelsen, å endelig komme opp forbi fjellkanten og kjenne massivet som har grav ut landskapet på Vestlandet er avgjørende for filmen. Etter at «Fedrelandet» har vært på kino vil Nasjonalparken kunne vise filmen i sine lokaler, som en inngang for publikum til å bli kjent med både folk, kultur og natur i området kring breen. Jeg håper og tror vi har på gang en unik film hvor vi har felles interesser i bevaringen av området.»




Speranza Film AS søker om løyve til å fly med helikopter over to dagar i tidsrommet 15.august – 01.oktober 2021. Nøyaktig tidsperiode er vanskeleg å spesifisere mellom anna på grunn av usikre vær- og siktilhøve på og rundt breen. Det vert søkt om fylgjande motorferdsel:

- 1) Frakt av personell og filmutstyr med helikopter til Flatsteinbu, inntil 4 landingar ved hytta i løpet av 1 døgn
- 2) Flyging med helikopter, 4 planlagde ruter over breen, for å filme det storslåtte landskapet, sjå kart nedanfor.

Filminga ved Flatsteinbu skal gjerast frå bakken og med drone, og krev difor ikkje løyve etter verneforskrifta.

Søkjjar er bevisst på at helikopter og drone ikkje vil verte framstilt på film eller stillbilde, men skal berre skal nyttast som nødvendig verkøy for å oppfylle ambisjonane for prosjektet.

Speranza Film AS var tidleg i prosjektet, august 2020, i kontakt med forvaltninga for å orientere om filmprosjektet som var under planlegging og for å orientere seg om regelverk med meir. Mellom anna ynskte dei informasjon om mogelegheiter for filming med frå lufta med drone i nasjonalparken. Dei vart då orientert om at Falkeblikk sit på mange timar med filmmateriale frå Jostedalsbreen, opptak gjort samband med Norsk Bremuseum sin nye panoramafilm.



Nasjonalparkforvaltar var 28.06.21 i kontakt med Margreth Olin for å få nærare opplysningar om kvifor Speranza Film meiner det er nødvendig å fly 4 turar med helikopter til Flatsteinbu i samband med filmprosjektet. Det vart då klart at det sannsynlegvis vil vere nok med 2 turar/landingar ved Flatsteinbu:



- Ein tur opp til Flatsteinbu med gjennomgangsfiguren i filmen, Jørgen Mykløen, 84 år og noko filmutstyr.
- Ein tur ned frå Flatsteinbu, med Jørgen Mykløen og noko filmutstyr.

Resten av personellet som skal vere med på filminga vil gå til og frå Flatsteinbu, for å gjere belastninga med flyging minst mogeleg.

Margreth Olin opplyste og at ho har gått igjennom store mengder filmopptak som Falkeblikk har filma med helikopter og drone frå Jostedalsbreen. Dette for å sjå om nokon av dei eksisterande flimsnuttane kunne nyttast i dokumentarfilmen Fedrelandet, for at filmen på denne måten kunne produserast med minst mogeleg flyging. Olin sa ho hadde funne nokre filmsekvensar som kunne vere aktuelle å nytte, men at det meste av filmmaterialet til Falkeblikk hadde ei litt anna og raskare form enn det som ho såg føre seg i Fedrelandet. Det er difor avgjerande for filmprosjektet at dei får tatt opp nokre rolegare sekvensar av breen frå helikopter.

Søklar skriv i søknaden at etter filmen har vore vist på kino vil «..Nasjonalparken kunne vise filmen i sine lokaler, som ein inngang for publikum til å bli kjent med både folk, kultur og natur i området rundt breen.»

Stryn kommune har løyvd kr 50 000,- i støtte til filmprosjektet.

Søknaden vart motteken 18.06.2021, det var for seint til at saka kunne handsamast i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sitt møte 22.06.2021. Nasjonalparkstyret fekk søknaden til gjennomsyn i møtet. Dei bad om at saka vart utgreidd for handsaming i eit ekstra møte i nasjonalparkstyret før ferien.

Heimelsgrunnlag

Verneføremål – forskrift

Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark av 25.10.1991 har eit generelt forbod mot motorferdsel i nasjonalparken, inkludert landing med luftfartøy og lågtflyging mindre enn 300 m over bakken (verneforskrifta pkt. IV, 4.1). Det er ikkje spesifisert unntaksregel for motorferdsel i samband med denne type aktivitet, og søknad om dispensasjon må difor handsamast etter den generelle dispensasjonsheimelen i punkt VI, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova (nml) § 48.

I nml. § 48 står det at *«forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig»*.

Verneforskrifta pkt. IV, 4.3, 5. avsnitt skal leggjast til grunn for løyve etter verneforskrifta pkt. IV, 4.3, men det er òg naturleg at avsnittet er retningsgjevande for eventuelle løyve etter nml. § 48: «Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skadar og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.»



Forvaltningsplan

Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark (1994) er rettleiande for forvaltninga sitt arbeid. *Kap. 7.3.9 Motorferdsel pkt. h)* gjev følgjande føringar for motorferdsel i samband med mediaoppdrag:

Transportbehov for mediaoppdrag skal handsamast etter den spesielle unntaksparagrafen i verneforskrifta (pkt. VI) og vil bli vurdert konkret. I utgangspunktet vil berre ikkje-kommersielle tiltak som utgjer særlege tilfelle og med innhald i tråd med føremålet med vern, som t.d. opplysningsfilmar om verneområdet få løyve. Reklamefilmar, spelefilmar o.l. bør leggast andre stader utanfor nasjonalparken.

Forvaltningsplanen er i utgangspunktet streng når det gjeld transport i samband med mediaoppdrag, men er mindre streng når det gjeld ikkje kommersielle tiltak med innhald i tråd med føremålet med vernet, t.d. opplysningsfilmar om verneområdet.

Området langs stien til Flatsteinbu er i forvaltningsplanen omtala som brukssone.

Naturmangfoldlova

Naturmangfoldlova § 48 set svært strenge krav for når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkåra må vere oppfylt. Dispensasjon må heller ikkje gjevast om vilkåra er oppfylt. Skjøn og instruksar frå overordna mynde spelar også inn.

Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene for vernevedtaket, men skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet.

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er (jf. verneforskrifta pkt. III):

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

Alle dispensasjonar skal og vurderast etter prinsippa i naturmangfoldlova §§ 8-12.

Presedens

Det er viktig å merke seg at dispensasjonsregelen i nml § 48 ikkje kan brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, så det er svært viktig å vurdere presedensverknaden nøye. Prinsippet om likebehandling gjer at det kan bli vanskeleg å sortere mellom dei mange aktørane som ønskjer å filme innan nasjonalparken. Kommersielle produksjonar som krev bruk av motoriserte hjelpemiddel vert fortrinnsvis forsøkt lagt utanfor verneområdet.

Enkelte gonger kan det vere vanskeleg å finne ein lokalitet som gjev det rette uttrykket eller det kan vere særlege tilhøve som gjer det vesentleg å nytte spesielle lokalitetar innanfor vernegrensa.



Det viktig å unngå at det på sikt blir så mange unntak at det utholar forbodet som er tydeleg uttrykt i verneforskrifta for nasjonalparken.

I vurderingane her blir det lagt vekt på om dei aktuelle områda toler marknadsføringa som filmen bidrar til, og om aktivitetane i seg sjølv vil gå vesentleg ut over verneverdiane. Vi ser også på om produksjonen kan nå et breitt publikum og om innhaldet i filmen formidlar området på en måte som er i tråd med bruken av verneområdet. Filmen kan altså ikkje vise motoriserte aktivitetar, men avgrensast til aktivitetar som kan skje innan rammene for vernet.

Tidleg på 1990-talet gav Fylkesmannen, som då forvalta Jostedalsbreen nasjonalpark, løyve til innspeling av spelefilmen Trollsyn. Filmen tek utgangspunkt i segna om Jostedalsrypa og er mellom anna spelt inn i Bergsetdalen, delvis innanfor nasjonalparkgrensa. Kor mykje motorferdsel som vart gjeve løyve til i samband med filmopptaka i Bergsetdalen er sakshandsamar usikker på, då saksutgreiinga ikkje var råd å finne. Løyvet til filming av Jostedalsrypa vart gjeve før forvaltningsplanen for Jostedalsbreen var formelt vedteken.

Vurdering

Naturen sine eigne lydar og fråvære av motordur og motoriserte køyretøy er ein viktig kvalitet ved urørd natur. Det er difor eit mål å halde motorisert ferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark på eit minimum.

Som det går fram av forvaltningsplanen er det berre aktuelt å gi løyve til motorisert ferdsel til tiltak som har innhald i tråd med føremålet med vernet. Etter forvaltar si oppfatning verkar det som om *Fedrelandet* er eit filmprosjekt som er i tråd med verneføremålet, då det skal fokuserast på å vise fram området og skape større respekt for naturen, Jostedalsbreen og dei verna områda spesielt. Sjølv om filmen er ein dokumentarfilm, som ikkje direkte kjem inn under kategorien opplysningsfilm der naturvern, natur og geologi er tema, så kan temaet *mennesket sin djupe tilknytning til naturen* også sjåast som å vere i tråd med verneføremålet.

Det er avgjerande at filmen formidlar naturverdiane i Jostedalsbreen nasjonalpark, og at det kjem fram at området er del av ein nasjonalpark, og dette bør vere eit vilkår for eit eventuelt løyve. Filmen kan på den måten få ein nytteverdi for nasjonalparken og regionen rundt.

Helikoptertransport kan vere skadeleg i form av støy og forstyrring. Det kan vere skadeleg for naturmangfaldet (dyreliv) og vere forstyrrande på folk i området, og difor vere i konflikt med verneføremålet, som blant anna er å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv. Forvaltaren kjenner ikkje til at det er registrert spesielt sårbart biologisk mangfald i området som kan bli skadelidande av helikoptertransport og filming på ettersommar og haust.

Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

- Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) når det gjeld naturmangfald og bruk av området ved Flatbrehytta og på breplataet er godt. Det er normalt lite folk på breplataet i august og september. To helikopterturar til Flatbrehytta og inntil 5 timar med helikopterflyging i fire trasear over breen i løpet av august-september vil knapt påverke dyrelivet eller andre brukarinteresser i verneområdet.



- Føre-var-prinsippet (§ 9) tilseier at det vert ført ein streng praksis når det gjeld motorferdsel i verneområdet. Bruk av helikopter til filming vil medføre noko støy ein kort periode, men blir ikkje vurdert å gje nokon innverknad på naturmangfaldet.
- Etter § 10 “Økosystemtilnærming og samlet belastning” skal eit vedtak vurderast opp mot samla påverknad, om ein dispensasjon kan skape uheldig presedens, og dermed bidra til gradvis forringing av området og utholing av verneforskrifta. Filmprosjektet verkar å vere eit svært seriøst og velfundert prosjekt, der Jostedalsbreen og nasjonalparken ikkje berre er ei kulisse, men ein viktig del av filmen. Det vert i søknaden sagt at breen er ein mytisk skikkelse i filmen. Margreth Olin og Speranza Film har i fleire filmar vist å kunne lage framifrå kvalitetsfilmar som når vidt ut. Forvaltningsmyndet har generelt ein streng praksis for motorferdsel i nasjonalparken, og ein ser ikkje for seg at det vil oppstå mange saker av liknande karakter.
I søknaden er det søkt om 4 turar/landingar ved Flatsteinbu. Dette kan reduserast til 2 flygingar utan at det får uheldige konsekvensar for prosjektet.
- § 11 om at «kostnadene ved miljøforringelse skal bærast av tiltakshaver» inneber at området må ryddast grundig. Ingenting kan ligge igjen i naturen etter avslutta aktivitet.
- § 12 Miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetode: Bruk av helikopter til filminga er sett på som den mest hensiktsmessige i forhold til andre typar motorisert ferdsel. Den planlagde filmproduksjon vil ikkje kunne gjennomførast utan avgrensa bruk av helikopter til å filme nokre ruter over breen, og for å få hovudpersonen i filmen på 84 år opp og ned frå Flatsteinbu. Utan denne motorferdsla vil dei viktige scenene frå toppane i området ikkje kunne filmast.

Konklusjon:

Forvaltningsplanen føreset i utgangspunktet at denne alle kommersielle filminnspelningar som krev motorisert ferdsle bør leggjast utanfor verneområdet. Det er likevel fleire grunnar til at dokumentarfilmen Fedrelandet bør få dispensasjon frå forbodet mot motorisert ferdsel for å kunne gjennomføre eit avgrensa tal flygingar. Potensialet for verdiskaping er stor, samstundes som aktiviteten vil ha liten innverknad på verneverdiane. Det vil verte flyging i eit avgrensa tidsrom, men ingen varige spor. Føreset att scenane som vert spelt inn ikkje viser motorisert aktivitet, kan filmen profilere nasjonalparken og naturverdiane i området på ein positiv måte. Ulempene for andre brukarinteresser vert vurdert som minimale.